

# Skolestart i fleire omgongar for rektor

Skolestart i fleire omgongar for rektor

Rektor Jessie Strand Fagervoll starta på lokalitet Ørskog før ho tok vegen til Borgundhallen i Spjelkavik for å ønske alle elevane velkomne til nytt skoleår. Godt over 900 elevar fordelt på to lokalitetar tok til på Borgund vgs torsdag 19. august.

## **Sitat frå rektors si side:**

*?Så er vi godt i gang med skoleåret 2010-2011!*

*Ny kompetanse skal på plass, og tida er knapp. Det er mykje du som elev skal kunne og meistre før skoleåret er omme.*

*Fokuset på gode undervegsvurderingar til deg som elev og eit godt samarbeid med foreldra dine eller andre føresette, har difor høg prioritet på skolen.*

## **Fagfolk for framtida, lokalt og globalt "kjem ikkje rekande på ei fjøl"**

*?*

***dei blir til gjennom målretta og hardt arbeid. Å utdanne seg til eit yrke er ei øving i utholdenhet. Det kan høyrest kjedeleg ut, men gleda som de elevar viser med å lære ny kunnskap og nye ferdigheter, viser at hardt arbeid utviklar og former mennesket.***

*Skoleåret 2010-2011 vil heilt sikkert få mange høgdepunkt, men eit av dei første er HKH Kronprins Håkon si vitjing den 30. september ? då skal han lære oss om "verdighet", og den 20.oktober markerer vi Global Dignity Day?.*



2010.07.16 14:41

Nei